

Tilbakeblikk på året som gjekk

2025 har vore eit år med mykje aktivitet og utvikling i Bokn. Store prosjekt har tatt form. Me har sett korleis fellesskapet vårt står sterkt, og korleis me saman får til store ting.

I året som var kunne me feira 175 år som eigen kommune, ein av dei eldste kommunane på Haugalandet. Denne historien om Bokn viser kor hardt boknerane jobba for å kunne bli eigen kommune og viste vilje til å klare seg sjølv. Det skal me vera stolte av. Og me klare oss fortsatt godt, kommunen drives godt og me har god økonomi. Me har store investeringar som vil koma i åra framøve og då er det viktig å ha god kontroll på økonomien. Men med det goda samarbeidet mellom administrasjon og politikarar så skal det gå veldig bra.

Me har ein ny flott skule med godt kvalifisert personell, her skal me ta imot elevane våre og gi dei ei god og lærerik tid. I barnehagen vår er uteområdet snart ferdig oppgradert. Me glede oss ilag med ungane og det gode personalet i barnehagen til at dei kan få ta i bruk det nye uteområdet.

Med oppgradering av Føresvikvegen, der me har blitt tildelt 54 millionar kroner frå Haugalandspakken vil me få ei miljøgate som bind saman sentrum og skapar ein flott og funksjonell inngangsportal til Føresvik, der **Holmen og Nyholmen** er ein viktig del av sentrumsutviklinga. Det er eit symbol på korleis me tenkjer framtid og berekraft. Utviklinga der gir oss nye moglegheiter for boligar, næring, sosiale møteplassar, trivsel og identitet. Det blir ein plass som knyter oss til naturen og til historia vår. Saman med boligfeltet nord for adm. bygget skal me i framtida ha gode muligheter for tilrettelegging av boligbygging på Bokn.

Ny brannstasjon

Bygginga av ny brannstasjon er godt i gang, planen er at bygget skal vera tett i løpet januar og ferdig brannstasjon før sommaren.

På **HighComp-tomta** er det tatt store steg med bygging av industrikai. Dette er ikkje berre ein kai – det er ei stor investering i framtida til Bokn. Det gir grunnlag for næringsutvikling, arbeidsplassar og aktivitet som vil styrke kommunen vår i åra framover.

Rogfast – det store tunnelprosjektet som vil endre heile regionen vår. Når tunnelen står ferdig i 2033, vil Bokn ligge midt i hjertet av ein ny infrastruktur som knyter oss tettare til både Haugalandet og Stavanger-regionen. Det gir oss nye moglegheiter til eit større arbeidsmarked, næringsliv og utvikling.

Men det gir også ansvar: Me må vere klare til å ta imot dei moglegheitene og utfordringane som kjem.

Det er mye spennande som skjer i kommunen og som vil fortsetta i 2026.

Ungdommen

Eg vil løfta fram ungdommane våre her på Bokn, vår framtid.

Flotte ungdommar med initiativ og kreativitet, dette viser dei f eks under ungt entreprenørskap som blir arrangert av fylkeskommunen kvart år, der dei har vunne fleire prisar. Rigging av båtar til stinte fiske og hummarfiske.

Engasjement i ungdomsråd, idrett og andre sosiale og kulturelle arenaer.

Det som og er kjekt er at mange av våre ungdommar velge å busette seg i kommunen vår. Då må me kunna ta godt imot dei og ha boligar tilgjengeligt. Og at den nyoppretta ordninga med gavekort på 25 000 kr øremerka boligkjøp, til dei som går ut av 10. klasse vil vera til nytte og inspirasjon for å busette seg i Bokn.

Her er det ungdommane seie om det besta med Bokn:

Sjø og båt. Det er trygt. Eit unikt samfunn. Alle kjenner alle – nesten, 😊 då bryr me oss om kvarandre. Det er enklare å hjelpe kvarandre, Det gir ro i sjela å bu her, Naturen i kring oss, Me har gode moglegheiter for å leva heile livet her.

E det ikkje flott! 😊

Frivillighet og fellesskap

Eg vil og løfte fram **frivilligheten**.

Bokn er ein liten kommune med eit stort hjerta. Det er dugnadsånda som gjer at me får til så mykje.

Idrettslag, kulturarrangement, frivillige lag og organisasjonar – alle som stiller opp for å skape aktivitet og fellesskap. De er ryggrada i lokalsamfunnet vårt. Det å vera med i frivilligheten å skape aktivitet og samlingsplassar for ungane våre, dei vaksne og eldre, er sosialt og inkluderande og lage fellesskap. Ein får nye bekjentskap og venner, og ein kan finne felles interesser.

Frivillighet og dugnad kjennetegne Boknasamfunnet, det har me sett gjennom alle år, alt frå sommarmarked på kaien, opparbeiding av turstiar, Dansegalla i Bokn Arena, og nå sist NM i saueklipping og ullhåndtering som var eit stort og flott arrangement som blei lagt merke til langt utover kommunegrensa.

Desse arrangementa og mange andre viser samarbeidsviljen og fellesskapet når me skal få til ting og det er med å lage fellesskap og sette Bokn på kartet.

Tusen takk til kvar og ein av dokke som gir av tid, krefter og engasjement for at Bokn skal vere ein god stad å bu.

Næringslivet

Næringslivet vårt er sterkt og godt og viser vilje til utvikling. Me har bedrifter som satsar, som skapar arbeidsplassar og som gir kommunen inntekter og aktivitet. Det er avgjerande for at me skal ha eit levande lokalsamfunn. Me ser korleis samarbeid mellom kommune og næringsliv gir resultat – og det må me halde fram med.

Bokn mista 2 bedrifter på kort tid, men me ser at ny næring veks fram på industriområdet til gamle High Comp, Port 5561.

Vår største bedrift Grieg Sefood med sine 4 anlegg på Bokn gjer oss gode og trygge arbeidsplassar med mange lokale ansatte. Og med sitt store engasjement for lokalsamfunnet er dei ein viktig aktør i kommunen.

Me har bedrifter med lokale ansatte som har sal og service på båtar, lokale entreprenørselskap, lokale byggmestrar og me har campingplassar som trekker turistar til kommunen.

Fiskemottaket på Bokn med utsalg på Slåttevik har skapt seg eit godt namn utover kommunegrensene

Bokn har eit aktivt landbruk der unge bønder satsar og driv jordbruk på ein god og effektiv måte, med nytenking og samarbeid.

Fiskarflåten veks igjen på Bokn, unge som satsar på kystfiske og som viser at det kan bli ein leveveg.

Me heie på dokke! 😊

Totalberedskapsåret 2026

Når me går inn i 2026, er det ikkje berre utvikling og vekst som står på agendaen.

2026 er peika ut som Totalberedskapsåret i Norge. Beredskap handlar ikkje berre om store kriser – det handlar om kvardagen vår, om trygghet og om å vere forberedt.

Det er ikkje lenger enn eit år sidan Boknasundbruå blei stengt pga uvær. Der mange blei ståande fast i lange bilkøar og ikkje kom heim frå jobb, barnehage og skule. Der kommunen, røde kors og saniteten tilslutt valde å opne Bokn Arena for at folk kunne koma inn i vente på at vegen opna.

Me leve i ei tid der verden endrar seg raskt. Krig, klimaendringar, digitale truslar og politisk uro ute i verden – alt dette påverkar oss. Derfor må me styrke beredskapen på alle nivå: stat, kommune og kvar enkelt innbyggjar. Det betyr at me må ha gode planar, robuste system og eit sterkt samarbeid mellom offentlege tenester, frivillige og næringsliv om ein krisesituasjon oppstår.

Beredskap handlar og om det å ha litt ekstra mat og vatn heime, å vite kven ein kan ringe om straumen går, og å ta vare på kvarandre. Det er fellesskapet som gir trygghet.

Og når den nye brannstasjonen står ferdig til sommaren vil me ha eit meir moderne anlegg som gir dei som jobbar med sikkerhet og beredskap bedre vilkår for å gjere jobben sin og gje oss ein tryggare kvardag.

Totalberedskapsåret er ei påminning om at me alle har eit ansvar – og at me står sterkast når vi står saman.

Framtidsutsikter

Når me ser framover i 2026, har me mykje å glede oss til. Me skal halde fram med utvikling i kommunen, me skal jobbe vidare med samarbeid med næringslivet og frivilligheten, og me skal vera klare til å utnytte dei mulighetene som komme.

Me har eit positivt aukande folketal i Bokn, 905 innbyggjarar pr 31.12.25 og me hadde 12 barnefødsjar i fjor, og det vil i år og koma nye innbyggjarar, kommunen har sagt ja til å ta imot fleire flyktningar, me skal ta dei og alle andre nye som kjem til Bokn godt imot slik at dei føler seg velkomne.

Me må ta vare på det som er kjernen i Bokn: fellesskapet, tryggheten og trivselen.

Me skal vere ein kommune der folk kjenner seg heime, der me ser kvarandre og bryr oss om kvarandre.

Eit smil, eit hei eller eit «kjekt å sjå deg» når ein møtes gjere alltid godt 😊

Avslutning

Kjære alle saman – når me nå går inn i eit nyttår så handle det om håp. Om tru på framtida. Om vilje til å skape noko godt saman.

Bokn er ein liten kommune, men me har store moglegheiter. Me har naturen, me har havet, me har historia, og det viktigaste av alt: folkå som bur her

Takk til politikarar, administrasjon og alle som jobbar for fellesskapet – dag og natt. Takk til dei som tek vare på våre eldre med varme og omsorg og ikkje minst god mat frå eige kjøkken. Takk til alle som bidreg til at Bokn er ein god stad å bu.

La oss gå inn i det nye året med godt mot, samarbeid og med tru på framtida.

Og husk: kommunen - det er oss alle!

Det er eit ordtak som seier:

«Vil du gå fort, gå aleine. Vil du gå langt, gå saman.»

Godt nyttår!